

DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

Rapport for 2016

Vaksdal kommune fekk løyvd kr. 64.000,- til kulturtiltak for eldre hausten 2015. Midlane vart brukt i 2016.

NAMN PÅ TILTAK:
«Kultur i kvardagen»

SKILDRING:
Arrangør har samarbeidd med institusjonane, Dale Omsorgssenter, Vaksdal Sjukeheim og Vaksdal Eldreråd.

Føremålet har vore å gje eit godt inkluderande og variert kulturtilbod til alle. Tilboda har variert i omfang og forskjellige kulturuttrykk. Dansekveidar, konsertar og føredrag. Vi har nytta lokale kunstnarar og kunstnarar i regi av fylkeskommunen.

MÅLGRUPPE:
Bebuarar på institusjonar, brukarar av eldresenter, pensjonistlag og andre.

ARENA:
Dale Omsorgssenter og Vaksdal Sjukeheim.

TILBOD/MIDLAR BRUKT I 2016

Daletunet Omsorgssenter og Vaksdal Sjukeheim har hatt besøk av «**den gode melodi**». Tema har vore «Våren er en eneste lang fest», «Erik Bye – mannen med det store hjertet» og «Nostalgia – alt om min mor, musikalske innslag som er basert på gjenkjennelse og erindring – veldig populært!

Dale Seniordans er ein gjeng glade pensjonister frå Vaksdal og Voss kommune som elsker å danse. Det er alltid god stemning når desse gla´dansarane vitjar institusjonane i Vaksdal kommune.

Eldredagen vert markert kvart år i Vaksdal kommune. Ein stor «happening som samler mange pensjonister og bebuarar ved våre to unstitusjonar i kommunen. Dagen vert markert 1. oktober kvart år. Då samlast alle til ein stor fest med god mat og drikke, foredrag og underhaldning av ymse slag.

Nonstop Trio held konsert på intitusjonane i mars månad.

Bart Clavier held konsert med musisering, allsong og dialog og bevegelse på institusjonane i april månad.

Blandakoret Kordial held avdelingskonsertar med desembertoner på begge institusjonane. Her var det firstemming song og allsong slik at alle fekke vera med.

Torstein Langhelle lokal trubadur og trekkspelar held konsert med allsang på begge institusjonane i november månad.

Trio med klassisk besetning – frå Bach til Bacharach held konsert på intitusjonane i januar månad.

Duo-Historika med Agnar Sellevold på trekkspel og Jan Erik Kolås, tekstlesing, underholdt med musikk og lokalhistorie frå eigen kommune.

Jula vart sunge og spelt inn med **elevlar og lærarar** frå Vaksdal kulturskule.

Mvh
Vaksdal kommune
Eining for samfunnsutvikling
v/Ole Johnny Domben